

KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/47/20

av 22. august 2001

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling
av fellesskapsmiljømerket til personlege datamaskiner (*)

[meldt under nummeret K(2001)2584]

(2001/686/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF)
nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning
for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 3, 4 og 6, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at miljømerket kan tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for, og vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 4) Kommisjonen har ved vedtak 1999/205/EF⁽²⁾ fastsett miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til personlege datamaskiner, som etter artikkel 3 i det nemnde vedtaket skal gjelde fram til 28. februar 2002.

- 5) Definisjonen av produktgruppa og dei miljøkriteria som vart fastsette ved vedtak 1999/205/EF bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga.
- 6) Det bør gjerast eit nytt kommisjonsvedtak der det vert fastsett særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit tidsrom på tre år.
- 7) Både dei nye kriteria som vert fastsette ved dette vedtaket, og dei kriteria som er fastsette tidlegare ved vedtak 1999/205/EF, bør gjelde samstundes i eit avgrensa tidsrom på høgst tolv månader, slik at føretak som har fått tildelt miljømerket for produkta sine før dette nye vedtaket vart gjort, har nok tid til å tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med dei nye kriteria.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er vortne utarbeidde og vedtekne i samsvar med dei framgangsmåtane for fastsetjing av kriterium for tildeling av miljømerke som er fastsette i artikkel 6 i forordning (EF) nr. 1980/2000.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «personlege datamaskiner» (heretter kalla «produktgruppa») omfattar:

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 242 av 12.9.2001, s. 4, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 7/2002 av 1. februar 2002 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 18 av 4.4.2002, s. 9.

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 70 av 17.3.1999, s. 46.

Personlege datamaskiner: datamaskiner som er meinte til bruk på ein fast stad (t.d. på eit skrivebord), og som omfattar ei sentraleining, eit tastatur og ein dataskjerm. Dette omfattar òg datamaskiner der sentraleininga og dataskjermen er bygde saman i éi eining.

Sentraleiningar: sentraleiningar som er meinte til bruk saman med personlege datamaskiner,

Dataskjermar: skjermar som er meinte til bruk saman med personlege datamaskiner,

Tastatur: tastatur som er meinte til bruk saman med personlege datamaskiner.

Artikkel 2

Den innverknaden som produktgruppa har på miljøet, slik ho er definert i artikkel 1, skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er førde opp i vedlegget.

Artikkel 3

Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde i tre år frå den dagen dette vedtaket tek til å gjelde. Dersom det ikkje er vedteke reviderte miljøkriterium innan dette tidsrommet går ut, skal dei gjelde i endå eit år.

Tidsrommet som definisjonen av produktgruppa og kriteria som er fastsette ved vedtak 1999/205/EF skal gjelde for, skal lengjast slik at det går ut tolv månader etter den dagen dette vedtaket tek til å gjelde.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodenummeret «013».

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 22. august 2001.

For Kommisjonen
Margot WALLSTRÖM
Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

MÅLSETJING

For å kunne få tildelt miljømerket må ei personleg datamaskin, ei sentraleining, ein dataskjerm eller eit tastatur (heretter kalla «produktet») høyre inn under den produktgruppa som er definert i artikkel 1, og stette kriteria i dette vedlegget (det kan søkjast om tildeling av miljømerket for kvar einiskild del, bortsett frå musa):

	Sentraleining	Dataskjerm	Tastatur	Personleg data-maskin
Spare energi: sentraleining	X			X
Spare energi: dataskjerm		X		X
Lengje levetida: sentraleining	X			X
Lengje levetida: dataskjerm		X		X
Kvikksølvinnhald i flytande krystall-skjerm (LCD)		X (eventuelt)		X (eventuelt)
Støy	X			X
Elektromagnetisk stråling		X		X
Tilbakelevering og attvinning	X	X (eventuelt)	X (eventuelt)	X (eventuelt)
Bruksrettleiing	X	X	X (eventuelt)	X (eventuelt)
Miljøfråsegn	X	X	X	X

Prøvingar skal gjennomførast i samband med søknaden slik det er gjort greie for i kriteria, og skal utførast av laboratorium som stettar dei allmenne krava i standarden EN ISO 17025. Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode. Dersom det ikkje er nemnt noka prøving, eller dersom prøvingane skal gjennomførast for kontroll- eller tilsynsføremål, bør dei rette organa leggje til grunn fråsegner og dokumentasjon frå søkjaren og/eller resultat av uavhengige kontrollar.

Desse kriteria skal særleg føre til:

- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,
- mindre skade på miljøet som følgje av bruk av naturressursar ved å oppmuntre til framstilling av komponentar som kan bytast ut, og av produkt som kan attvinnast og er lette å vedlikehalde,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av bruk av farlege stoff ved at bruken av slike stoff vert mindre.

Kriteria skal òg fremje best mogleg bruk (så miljøvenleg bruk som mogleg) og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet. Dessutan skal attvinning av maskinene fremjast ved at plastkomponentar vert merkte.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av personlege datamaskiner som har liten innverknad på miljøet.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar).

MILJØKRITERIUM

1. SPARE ENERGI

Sentraleining

- a) Sentraleininga skal stette dei krava til energiforbruk som er fastsette i kriteria for Energy Star⁽¹⁾.

Søkjaren skal leggje fram ein rapport som provar at energiforbruket til sentraleininga i den personlege datamaskina er målt under bruk av den framgangsmåten som er fastsett i den gjeldande programfråsegna for datamaskiner som er omfatta av Energy Star-programmet. Rapporten skal opplyse om det energiforbruket som er målt.

- b) Datamaskina skal kunne nytte ACPI⁽²⁾ S3-kviletilstand («suspend to RAM») som gjer det mogleg å redusere energiforbruket til under 5 watt. Datamaskina må kunne aktiverast frå denne tilstanden ved bruk av
- modem,
 - nettilknytning,
 - tastatur eller mus.

Datamaskina skal ha ei standardinnstilling som gjer at ho skifter automatisk frå driftstilstand til ACPI S3-kviletilstand etter høgst 30 minuttar utan aktiv bruk. Denne innstillinga skal vere aktivert av produsenten, men brukaren skal kunne slå henne av.

Søkjaren skal leggje fram ein rapport som provar at energiforbruket i ACPI S3-tilstanden er målt under bruk av den framgangsmåten som er fastsett i den gjeldande programerklæringa for datamaskiner som er omfatta av Energy Star-programmet. Rapporten skal opplyse om det energiforbruket som er målt i denne tilstanden.

- c) Sentraleininga skal ha eit energiforbruk i avslått tilstand på høgst 2 watt. I denne samanhengen er avslått tilstand den tilstanden som vert innleidd ved å nytte kommandoen for å slå av datamaskina.

Søkjaren skal leggje fram ein rapport som provar at energiforbruket i avslått tilstand er målt under bruk av den framgangsmåten som er fastsett i den gjeldande programfråsegna for datamaskiner som er omfatta av Energy Star-programmet. Rapporten skal opplyse om det energiforbruket som er målt i denne tilstanden.

Dataskjerm

- a) Dataskjermen skal ha eit energiforbruk i kviletilstand⁽³⁾ på høgst 10 watt. Dataskjermen skal ha ei standardinnstilling som gjer at han skifter automatisk frå driftstilstand til kviletilstand etter høgst 15 minuttar utan aktiv bruk. Denne innstillinga skal vere aktivert av produsenten, men brukaren skal kunne slå henne av.
- b) Dataskjermen skal ha eit energiforbruk i dvaletilstand⁽⁴⁾ på høgst 5 watt. Dataskjermen skal ha ei standardinnstilling som gjer at han skifter automatisk frå driftstilstand til dvaletilstand etter høgst 30 minuttar utan aktiv bruk. Denne innstillinga skal vere aktivert av produsenten, men brukaren skal kunne slå henne av.

Søkjaren skal leggje fram ein rapport som provar at energiforbruket i begge desse kviletilstandane er målt under bruk av den framgangsmåten som er fastsett i den gjeldande programfråsegna for datamaskiner som er omfatta av Energy Star-programmet. Rapporten skal opplyse om energiforbruket som er målt i begge desse tilstandane.

2. LENGJE LEVETIDA

Sentraleining

- a) Produsenten skal garantere at sentraleininga til den personlege datamaskina verkar i minst tre år. Garantien skal gjelde frå datoen for levering til kunden.
- b) Datamaskina skal vere utforma på ein slik måte at minnet kan bytast ut.

⁽¹⁾ Slik det er fastsett av miljøvernbyrået i Sambandsstatane.

⁽²⁾ Advanced Configuration and Power Interface (ACPI).

⁽³⁾ Slik det er fastsett i den gjeldande Energy Star-definisjonen av «første energisparande tilstand» eller «kviletilstand».

⁽⁴⁾ Slik det er fastsett i den gjeldande Energy Star-definisjonen av «andre energisparande tilstand» eller «dvaletilstand».

- c) Datamaskina skal vere utforma på ein slik måte at harddisken og ein eventuell CD-ROM-stasjon eller DVD-stasjon kan bytast ut.
- d) Datamaskina skal leverast med minst to portar for direkte tilkopling av tilleggsutstyr som til dømes skannarar eller innretningar for reservekopiering.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.

Dataskjerm

Produsenten skal garantere at dataskjermen verkar i minst tre år. Garantien skal gjelde frå datoen for levering til kunden.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.

3. KVIKKSØLVINNHOLD I FLYTANDE KRYSTALL-SKJERMAR (LCD-SKJERMAR)

Bakgrunnslyset til LCD-skjermen skal ikkje innehalde meir enn 3 mg kvikksølv (i gjennomsnitt) per lampe.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.

4. STØY

I samsvar med punkt 3.2.5 i standarden ISO 9296 skal det fastsette lydeffektnivået for sentraleininga ikkje vere høgare enn

- 48 dB(A) i uverksam tilstand,
- 55 dB(A) ved bruk av platedrev.

Søkjaren skal leggje fram ein rapport som provar at støynivået er målt i samsvar med standarden ISO 7779 og ISO 9296. Rapporten skal opplyse om dei støynivåa som er målte, i både i uverksam tilstand og ved bruk av platedrev. Støynivåa skal fastsetjast i samsvar med punkt 3.2.5 i standarden ISO 9296.

5. ELEKTROMAGNETISK STRÅLING

Dataskjermen til den personlege datamaskina skal stette dei gjeldande øvre grensene for stråling som er fastsette i rådsrekommendasjon 1999/519/EF av 12. juli 1999 om begrensning av eksponering av allmennheten for elektromagnetiske felt (0 Hz–300 GHz)⁽¹⁾.

Søkjaren skal leggje fram ein rapport som provar dei framgangsmåtane som er nytta for å måle det elektromagnetiske strålingsnivået. Det skal gå fram av rapporten at skjermen til den personlege datamaskina stettar dei gjeldande øvre grensene for elektromagnetisk stråling som er fastsette i rekommendasjon 1999/519/EF.

6. TILBAKELEVERING OG ATTVINNING

Produsenten skal, utan vederlag og med sikte på reparasjon eller attvinning, tilby å ta tilbake den personlege datamaskina og komponentar som vert bytte ut, bortsett frå i tilfelle der dei er vortne kontaminerte av brukarane (t.d. ved medisinsk eller nukleær bruk). Produktet skal dessutan stette følgjande kriterium:

- a) Det skal kunne demonterast av éin faglært person åleine.
- b) Produsenten skal kontrollere demonteringa av produktet og leggje fram ein rapport om demonteringa som på oppmoding skal gjerast tilgjengeleg for tredjemann. Rapporten skal m.a. stadfeste at
 - samanføyningane er lette å finne og tilgjengelege,
 - samanføyningane er mest mogleg standardiserte,
 - samanføyningane er tilgjengelege med vanleg verktøy,
 - lampene til bakgrunnslyset i LCD-skjermar er lette å skilje frå kvarandre.
- c) Materiale som ikkje høver saman og er farlege, skal kunne skiljast frå kvarandre.
- d) Av plast- og metallmateriala i kabinettet og understellet skal 90 % kunne attvinnast teknisk.
- e) Dersom det må nyttast etikettar, skal dei anten vere lette å fjerne eller vere ein integrert del av datamaskina.
- f) Plastdelar skal
 - ikkje medvite vere tilsette bly eller kadmium,
 - vere framstilte av éin polymer eller av fleire polymerar som høver saman, bortsett frå i kabinettet, som skal innehalde høgst to typar polymerar som kan skiljast frå kvarandre,
 - ikkje innehalde metallinnlegg som ikkje kan skiljast frå kvarandre.

⁽¹⁾ TEF L 199 av 30.7.1999, s. 59.

g) Plastdelar som veg meir enn 25 g,

— skal ikkje innehalde følgjande flammehemmande middel:

N a m n	CAS-nr.
Dekabrombifenyl	13654-09-6
Monobromdifenyleter	101-55-3
Dibromdifenyleter	2050-47-7
Tribromdifenyleter	49690-94-0
Tetrabromdifenyleter	40088-47-9
Pentabromdifenyleter	32534-81-9
Heksabromdifenyleter	36483-60-0
Heptabromdifenyleter	68928-80-3
Oktabromdifenyleter	32536-52-0
Nonabromdifenyleter	63936-56-1
Dekabromdifenyleter	1163-19-5
Klorparafin med kjedelengde på 10-13 C-atom, klorinnhald > 50 vektprosent	85535-84-8

— skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller preparat med stoff som er tildelte eller kan tildelast ei av risikosetningane R45 (fare for kreft), R46 (fare for arvelege skadar), R50 (svært giftig for vassorganismar), R51 (giftig for vassorganismar), R52 (skadeleg for vassorganismar), R53 (kan føre til uønskte langtidsskadeverknader i vassmiljøet), R60 (kan skade forplantingsevna) eller R61 (fare for fosterskadar) slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF⁽¹⁾ og seinare endringar av direktivet,

— skal ha varig merking i samsvar med standarden ISO 11469 som syner kva materiale dei er framstilte av. Dette kriteriet gjeld ikkje for ekstruderte plastmateriale og lysleiaren til flatskjermar.

h) Batteri skal ikkje innehalde meir enn 0,0001 % kvikksølv, 0,001 % kadmium eller 0,01 % bly i høve til vekta av batteriet.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava. Søkjaren skal leggje fram eit eksemplar av demonteringsrapporten for det rette ansvarlege organet som vurderer søknaden.

7. BRUKSRETTEIING

Den personlege datamaskina skal seljast med ei føremålstenleg bruksretteiing som inneheld råd om miljøvenleg bruk, særleg:

1. Tilrådingar om bruk av straumsparende innstillingar, medrekna opplysningar om at energiforbruket, og dermed driftskostnadene, kan auke dersom innstillingane vert slått av.
2. Opplysningar om at energiforbruket kan minskast til null dersom støpsetet til datamaskina vert trekt ut av stikkontakten eller den veggmonterte stikkontakten vert slått av.
3. Opplysningar om garantien og korleis reservedelar kan skaffast. Dersom det er mogleg for forbrukaren å oppgradere eller byte ut komponentar, skal det gjevast opplysningar om korleis dette skal gjerast.
4. Opplysningar om at produktet er utforma på ein slik måte at delar kan nyttast om att og attvinnast, og difor ikkje må kastast.
5. Råd om korleis forbrukaren kan nytte seg av tilbakeleveringsgarantien frå produsenten.
6. Opplysningar om at produktet er tildelt fellesskapsmiljømerket, med ei kort forklaring om kva dette inneber og om at fleire opplysningar er tilgjengelege på nettstaden <http://europa.eu.int/ecolabel>.

Søkjaren må stadfeste at produktet stettar desse krava, og leggje fram eit eksemplar av bruksretteiinga for det rette organet som vurderer søknaden.

8. MILJØFRÅSEGN

Ei miljøfråsegn skal følgje med produktet og vere tilgjengeleg for brukaren. Dette dokumentet skal vere i samsvar med tilrådingane i teknisk rapport nr. 70 «Product-related environmental attributes» frå Den europeiske samanslutninga av datamaskinprodusentar (ECMA).

⁽¹⁾ TEF 196 av 16.8.1967, s. 1.

9. OPPLYSNINGAR PÅ MILJØMERKET

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- lågt energiforbruk,
 - utforma for å lette attvinning.
-